

Vinterforskrift Nissedal kommune

Forskrift om unntak frå tidsfristar i saker som krev oppmålingsforretning i Nissedal kommune.

Fastsett av Nissedal kommunestyre 13.01.2011 med heimel i forskrift 26.juni 2009 nr.864 om egedomsregistrering (matrikkelforskrifta) § 18 tredje ledd.

§1. Føremål

Føremålet med forskrifta er å utsetje 16-vekersfristen for gjennomføring av oppmålingsforretning i vinterhalvåret.

§2. Utsett frist for gjennomføring av oppmålingsforretning

Tidsfristen som er fastsett i matrikkelforskrifta § 18 første ledd vert ikkje rekna i perioden 15. november til 30.april.

§3. Iverksetjing

Denne forskriften trer i kraft same dato som den blir kunngjort i Norsk Lovtidend.